



Ekstern
skulevurdering
skuleåret 2023-24

Skjold skule
Vindafjord kommune



Tilbakemelding frå vurderingsteamet

Britt-Elin Håranes (Konst. kommunalsjef
Oppvekst Suldal kommune)

Jorunn Hoås (Rektor Sand skule)

Solgunn Hannisdal Haanes (PP-rådgjevar)

Britt-Mona Vang (Regional kompetanse- og utviklingsrettleiar)



Utviklingsområde: *Eit inkluderande læringsmiljø*



Grunnlag for vurderinga

- I arbeidet med skulen sitt utviklingsområde er det laga eit **framtidsbilete** som skal vise korleis det er på skulen når alt er optimalt. Vi har sett på dette i forhold til barn, føresette, tilsette og leiinga
- Til framtidsbiletet har ein utarbeidd **kriterier** og **kjenneteikn** på god praksis
- Denne presentasjonen kan sjåast som ein rapport og gir svar på kor skulen står når det gjeld:
 - Framtidsbiletet knytt til vald utviklingsområde
 - Dei kriteria/kjenneteikna som er sett opp
 - Føringer i opplæringslova og læreplanverket (LK20)
- Presentasjonen gir til slutt råd om kva ein bør gjere vidare for å nå framtidsbiletet og oppfylle læreplanverket





FRAMTIDSBILDE

På Skjold skule har me eit godt og inkluderande fellesskap, både sosialt og fagleg, der elevane erfarer medverknad i læringsarbeidet.



KRÅTERLER

1. Alle elevar opplever læring, meistring og medverknad i eit inkluderande, trygt og godt skulemiljø
2. Dei vaksne legg til rette for læring, meistring og medverknad i eit inkluderande, trygt og godt skulemiljø
3. Skulen og dei føresette samarbeider om elevane si faglege og sosiale utvikling
4. Det profesjonelle læringsfellesskapet blir brukt bevisst og målretta for å utvikle felles pedagogisk praksis i tråd med utviklingsområdet

Metodar

- Dokumentasjon frå skulen
- Samtalar
 - elevar
 - føresette
 - tilsette
 - leiinga
- Observasjon i ulike situasjonar, inne og ute





Utvæl

- Observasjon på alle klassesetrinn i dei fleste fag og på skuleplassen
- Gruppesamtalar med 14 barn, frå 1. - 10. trinn
- Uformelle samtalar med barn frå ulike klassar/trinn
- Samtale med 3 fagarbeidar
- Samtale med 13 lærarar, frå alle trinn
- Samtale med føresette frå FAU
- Daglege samtalar med rektor/leiinga

Kriterium 1

Alle elevar opplever læring, meistring og medverknad i eit inkluderande, trygt og godt skulemiljø

Me har sett/opplevd/høyr:

- Elevane blir sett og anerkjent av lærarar og andre tilsette
- Elevane opplever trygge relasjonar til medelevar og lærarar/andre tilsette
- Elevane opplever at dei blir tatt på alvor viss dei seier frå om noko som ikkje er greitt
- Elevar opplever meistring og utvikling i skulekvardagen
- Eksempel på at elevane får velje arbeidsmåtar og presentasjonsform
- Eksempel på læringsopplegg, spesielt på barnetrinnet, der elevane får vera aktive





Kriterium 2

Dei vaksne legg til rette for læring, meistring og medverknad i eit inkluderande, trygt og godt skulemiljø

Me har sett /opplevd/høyrte om:

- Lærarar og andre tilsette som gir fagleg, sosial og emosjonell støtte til elevane
- Lærarar og andre tilsette som gir elevane trua på seg sjølv og at dei kan meistre
- Lærarar som gir læringsstøtte tilpassa dei ulike elevane sine behov
- Lærarar som nyttar varierte metodar i undervisninga og lar elevane medverka i eige læringsarbeid
- Tilsette som kjenner til delpliktene i opplæringslova §9A og varslar når dei er bekymra

Kriterium 3

Skulen og dei føresette samarbeider om elevane si faglege og sosiale utvikling

Tilbakemeldingar me har fått:

- Dei føresette opplever at skulen er ein trygg og god plass for ungane deira
- Dei føresette opplever at dei blir tatt på alvor viss dei tar kontakt med skulen om:
 - sosiale og/eller faglege utfordringar for barnet sitt
 - sosiale utfordringar på skulen
- Skulen legg til rette for at føresette kan vera medspelarar i praktiske oppgåver
- Dei føresette vil gjerne vera med og støtte elevane si utvikling, men er usikre på korleis dei kan bidra.





Kriterium 4

Det profesjonelle læringsfellesskapet blir brukt bevisst og målretta for å utvikle felles pedagogisk praksis i tråd med utviklingsområdet

Me har sett/opplevd:

- Leiinga er tydeleg når det gjeld pedagogiske prioriteringar i arbeidet med skulen sitt utviklingsområde, basert på analyse av tilgjengelege data
- Leiinga har intensjon om og legg til rette for pedagogisk utvikling
- Det er open og positiv samarbeidskultur mellom dei tilsette og mellom leiinga og personalet
- Personalet deler gjerne opplegg og støttar kvarandre, men det er ikkje sett i system
- Oppfølging av delpliktene i opplæringslova § 9A har vore tema for drøfting i utviklingstida

RÅD TIL VIDARE ARBEID - 1

SKULEN BØR:

Byggje vidare på det gode arbeidet med relasjonar og oppfatninga av at 'alle elevane er våre', uansett trinn og klasse.

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde gjennom observasjon og samtale at skulen har ei bevisst og omforeint forståing av dette og er gode på det, og meiner at det er viktig å ikkje miste fokus på det. Dette bør sjåast i samanheng med den faglege læringa – «*byggja laget gjennom faget*» (jf. LK20 Overordna del)





RÅD TIL VIDARE ARBEID - 2

SKULEN BØR:

Vidareutvikle ein kollektiv praksis der elevar på alle trinn er aktive og får utforske, undra seg og medverka i eige læringsarbeid (jf. LK20, prinsipp for læring, danning og praksis i kap. 2+3). Det kan handle om å:

- få ei felles forståing av kva reell elevmedverknad er, i lys av teori og forskning
- lage eit system for å lære av kvarandre på tvers av trinn og nivå (utprøving og refleksjon!)
- utarbeide ei 'progresjonstrapp' for elevmedverknad saman
- sleppe elevane meir til (t.d. i planlegging av periodar, utarbeiding av kriterier, korleis dei vil vise kva dei har lært, vurdering av eige arbeid)
- setja praksis med elevstyrte utviklingssamtalar i system

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde ved observasjon og i samtale med elevar at Skjold skule har flinke og dedikerte lærarar, men at det er relativt stor skilnad på graden av variasjon i måtar elevar kan lære på frå klasse til klasse. Mange elevar får sjeldan utforske, medverka, undra seg eller oppleve relevans i si eiga læring. Generelt er den største skilnaden mellom barnetrinnet og ungdomstrinnet, men det er òg skilnader mellom fag og lærarar.

RÅD TIL VIDARE ARBEID - 3

SKULEN BØR:

Sjå på korleis ein som skule kan involvera dei føresette som ressursar i læringsarbeid òg

- sørgja for at heim og skule trekk i same retning (t.d. modellere støtte i leseopplæringa)
- få på plass gode rutinar for samarbeidet

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde gjennom samtale at dei føresette gjerne vil vera med og støtte elevane si utvikling, men er usikre på korleis dei kan bidra





RÅD TIL VIDARE ARBEID - 4

SKULEN BØR:

Styrke det profesjonelle læringsfellesskapet på heile skulen for å spela kvarandre gode gjennom å setja utvikling av felles praksis i system, der:

- Ein vidareutviklar ein kultur for forskingsbasert læring saman, gjennom å dela og nytta kvarandre sin kompetanse
- Ein sikrar ein tydeleg og omforeint praksis rundt utøving av delpliktene i §9A (*"I møte med meg skal det vera godt å vera deg"*)
- Leiinga tar eigarskap til utvikling og drift saman
- Alle tilsette tar ansvar og bidrar aktivt i det profesjonelle læringsfellesskapet

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde ved observasjon og i samtaler at det er mykje god fagleg og didaktisk kompetanse på skulen som bør kome alle lærarar og dermed alle elevar til del. Skulen kan opplevast som 3 'stasjonar' meir enn som ein profesjonell heilskap.

Spørsmål til refleksjon i det profesjonelle læringsfellesskapet

- Korleis kan vi hjelpa kvarandre til å prøva ut metodar vi ikkje kjenner oss heilt trygge på?
- Korleis kan vi saman finna balansen mellom struktur/system/orden og kreativitet/utforsking?
- Korleis kan vi betre integrera fagleg og sosial læring slik at dei forsterkar kvarandre positivt?
- Kva må til for at 'eit godt arbeidsmiljø' faktisk blir til 'eit profesjonelt læringsfellesskap'?



HUSREGLER
.....
ELSK HVERANDRE
TILGI SELV NÅR DET ER VANSKELIG
INGEN SYTING
RYDD OPP ETTER DEG
GI ALDRI OPP
INGEN TELEFONER PÅ BORDET
VÆR TAKKNEMLIG
TYGG SVELG SNAKK
HOLD DET DU LOVER
LE MASSE
VIS RESPEKT
GJØR DET DU ELSKER
BRYT REGLENE INNIMELLOM....

Prosessen vidare

- Rektor, barnehage-/skulesjef og skulekontakt i PPT har eit møte innan 30. april 2024 for å gjennomgå råda frå vurderingsteamet. Rektor har ansvaret for å kalle inn til møtet.
- I møtet blir ein samde om ein plan for korleis skulen skal jobbe skulebasert for å følgje opp råda, samt gjennomføre og evaluere tiltak som blir sett i verk.
- Ein blir samde om korleis skuleeigar og PPT skal støtte skulen i utviklingsarbeidet